

Vedk. saksframlegg til Fylkesutvalsmøte 8.april 2019 om Musea i Sogn og Fjordane – fellesmagasin og museumsbygg

Vi syner til utsendt dokumentasjon til Fylkesutvalet sitt møte 8.april 2019. Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) vil nytte høvet til å kome med nokre kommentarar og supplerande faktaopplysningar knytt til saksframlegget i sak 19/783-1. Slik vi les denne saksframstillinga opplever vi den som unyansert i høve til korleis interaksjonen har vore mellom MiSF og fylkeskommunen (SFFK) om Kløften-prosjektet, og vi opplever at det blir skapt eit relativt einsidig inntrykk av ein kompleks sak.

Om Kulturdepartementet sine avslag

På bakgrunn av Kulturdepartementet sine avslag om statlege investeringstilskot for søknadene for høvesvis Kløften og Ramstad, som begge vart motteke januar 2018, vart det arrangert eit møte mellom politisk og administrativ leiing i SFFK og Sunnfjord-kommunane, samt styreleiar, direktør og museumsfagleg seniorrådgjevar i MiSF 19.februar.

I dette møtet tok MiSF til orde for å utsette ny tilskotssøknad om Kløften til ein hadde fått avklara grensesnittet mellom Ramstad og Kløften, i samsvar med attendemeldinga frå Kulturdepartementet og Kulturrådet. Dette avviste SFFK og Sunnfjord-kommunane. Dei ville at fornya søknad om Kløften skulle sendast innan 1.mars 2018. Samstundes var signalet at MiSF ikkje fekk sende fornya søknad om Ramstad i 2018, då ein slik søknad vart oppfatta som illojal i høve Kløften-prosjektet. Sjølv om MiSF opplevde dette som ein instruks, valte MiSF å føye seg etter kravet ved å støtta SFFK i å utarbeide eit museumsfagleg supplement til fornya Kløften-søknad våren 2018.

29.januar 2019 kom nytt avslag frå Kulturdepartementet. Dette kom ikkje som noko overrasking på oss då det allereie var kjent at det ikkje låg inne føringar i det vedtekne statsbudsjettet for 2019. Første indikasjon på dette kom allereie 8.oktober 2018 i samband med St.prp. 1 (framlegg til statsbudsjett for 2019). Andre indikasjon kom då Stortinget gjorde endeleg vedtak om statsbudsjettet for 2019 i desember 2018.

I kulturlivet generelt og museumslivet spesielt, er to avslag på same prosjekt eit sterkt signal om at ein bør gjere vesentlege endringar i prosjektet dersom ein vil sende ny søknad. Desse to avslaga, og nye signal frå SFFK om at dei ville halde oppe søknad om eit uforandra Kløften-prosjekt, var derfor sentrale då styret i MiSF tok stilling til kor vidt MiSF skulle stille seg bak ei fornya Kløften-søknad 1.mars 2019.

Om det museumsfaglege supplementet til Kløften-søknad

Vi har ein kommentar til omtale i det saksframlegget som er sendt til fylkesutvalet om museumsfaglege supplementet som vart ettersendt til Kulturdepartementet 22.juni 2018.

Som nemnt ovanfor opplevde MiSF i møtet 19.februar 2018 eit betydeleg press til å bidra med eit museumsfagleg supplement til fornya Kløften-søknad i 2018. MiSF valte å føye seg for dette presset og bidrog til å utforme eit museumsfagleg supplement til søknaden i samarbeid med SFFK, og det endelige supplementet som vart sendt til Kulturdepartementet 22.juni var i stor grad utarbeidd av MiSF. Det var likevel delar av notatet der SFFK hadde eit anna syn enn MiSF. Dette gjaldt særleg besøkspotensialet for Kløften, der MiSF var svært forsiktige i sitt estimat. SFFK gjorde derfor eigne vurderingar av dette som dei la inn i supplementet.

I saksframlegget til fylkesutvalet er det på side 3 vist til formuleringar frå dette museumsfaglege supplementet:

MUESEA I SOGN OG FJORDANE

«I den museumsfagleg vurderinga ligg også ei enkel analyse av framtidssbiletet i forhold til tal besøkande på Sunnfjord Museum og potensialet for å dra nytte av trafikken i området. Berekingane ligg rundt 30 000-50 000 besøkande. Det vert også vurdert at «Kløften» vil vere ein ny attraksjon i Sunnfjord og eit viktig bidrag i marknadsføringa av regionen og fylket.»

Vi vil presisere at dette avsnittet er det SFFK som har formulert – ikkje MiSF.

Om Sunnfjord Museum og arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn hos Sunnfjord Museum 7.september 2016. Dette tilsynet resulterte i eit varsel om pålegg om HMS-arbeid med tiltak og plan:

Arbeidsgivaren skal sette i verk tiltak og/eller utarbeide ein plan for å redusere risikoforholda i verksamda. Tiltaka skal bygge på ei gjennomført kartlegging og risikovurdering. Verneombodet / representanten for dei tilsette skal vere med på å utarbeide tiltak og/eller plan.

Vilkår:

For å kunne vurdere om pålegget er oppfylt, må vi innan fristen ha mottatt

- *ei oversikt over gjennomførte tiltak og/eller*
- *ein plan med frist for gjennomføring av tiltak*
- *ei beskriving av korleis verneombodet har medverka*

På bakgrunn av opplysningane som Sunnfjord Museum/MiSF har sendt til Arbeidstilsynet 29.november 2016, gav tilsynet 30.november 2016 følgjande tilbakemelding:

Tilbakemeldinga var vedlagt tidfesta handlingsplan, teikningar av bygget og teknisk tilstandsrapport. I handlingsplanen er beskrive nødvendige tiltak for å betre temperatur- og ventilasjonsforholda samt tiltak for å auke arealet til personalrom/møterom og garderobe.

På bakgrunn av opplysningane ser Arbeidstilsynet kravet som oppfylt.

Gjennomføringa av alle tiltaka vart i 2016 kostnadsrekna til om lag 3 mill kr. Nokre mindre tiltak er allereie gjennomført.

Om når SFFK første gong vart informert om MiSF sine planar om å kjøpe Ramstad

I saksframlegget frå SFFK vert det gitt inntrykk for at Kløften vart omarbeidd som følgje av at MiSF kjøpte Ramstad eskefabrikk:

Musea i Sogn og Fjordane kjøpte i 2017 Ramstad eskefabrikk i Angedalen i Førde med tanke på framtidig magasinbygg for oppbevaring av store gjenstandar, som t.d. båtar. På bakgrunn av dette vart forprosjektet for Kløften omarbeidd, for å i vareta ei delt magasinløysing.

Vi har også registrert at fylkesdirektøren har slått fast at kjøpet av Ramstad Eskefabrikk først kom opp som ei alternativ magasinløysing våren 2016. Dette er vi usamdi i.

Styret i MiSF gjorde i sak 37/2014 «Fellesmagasin og nye lokale til Sunnfjord Museum – Skisse» følgande vedtak:

1. *Styret konstaterer at prosjekt «Kløften» - sjølv etter investeringsreduksjon ikkje let seg finansiere. Styret meiner likevel at ein må prøve å bevare mest mogeleg av*

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

kvalitetane som dette prosjektet inneheld, spesielt med tanke på framtidig drift av Sunnfjord Museum.

2. *Styret vedtek difor at fellesmagasindelen blir trekt ut av det opphavlege prosjektet i Movika. Styret ber direktøren innleie forhandlingar om kjøp av Ramstad Eskefabrikk i Angedalen i Førde. Direktør utfordrar samstundes Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune på finansiering av dette bygget. Fellesadministrasjonen vil framleis vere samlokalisert med Sunnfjord Museum i Movika.*
3. *Administrasjonen blir bedd om å arbeide vidare med saka etter desse retningslinene.*

Dette vedtaket vart kommunisert i e-post frå direktør Inge Bent Arnestad til Jan Tore Rosenvlund og Ingebjørg Erikstad 19.desember 2014.

Den 16.januar 2015 vart det gjennomført eit møte på rådhuset i Førde med representantar frå MiSF, Sunnfjord-kommunane og SFFK der felles magasin i Movika og vidare utvikling av prosjektet «Kløften» vart drøfta. Deltakarane på dette møtet var:

Håkon Myrvang (Naustdal), Oddmund Klakegg (Jølster), Arve Helle (Fjaler), Ola Hovland (Fjaler), Mathias Råheim (Gauland), Helge Følid (Gauland), Børge Tvedt (Jølster), Olve Grotle (Førde), Inge Bengt Arnestad (MiSF), Anne-Marie Førde (MiSF), Gunnhild Systad (Sunnfjord Museum), Tore Eriksen (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Jan Tore Roselund (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Ingebjørg Erikstad (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Ole John Østenstad (Førde) og Trond Ueland (Førde).

Føremålet med møtet var «*å avklare ein veg vidare med omsyn til å finne ei løysing for manglande magasinkapasitet for musea i Sogn og Fjordane og dei utfordringar Sunnfjord Museum står overfor*».

Her tok SFFK opp følgjande saker:

- *Første gong nemnt i 1998 (Museumsplan), i juni 2014 vart prosjektet teke ut av øk planen fordi «Kløften» vart for ambisiøst, økonomiplanen for 2015 – 2018 seier ein skal sjå på alternative løysingar, ny handsaming i HK juni 2015 og deretter FT juni 2015*
- *Presentasjon av prosjektet «Kløften» og dei endringar som har gjort sidan oppstarten. Spleislag mellom partane (stat, fylkeskommune og partane). Totalsummen redusert frå opphavleg utgangspunkt.*
- *I dag arbeid med ei alternativ løysing med kjøp av Ramstad Eskefabrikk samt «Nye Kløften»*
- *Avklaringar fram til 1.5 2015 med omsyn til å avklare kjøp og bruk av Ramstad, museumsløysing, finansiering, drift, museumsfagleg vurdering*

Konklusjonane var følgjande:

- a. *Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune er gjensidig ansvarlege for at ein arbeider vidare med å løyse magasindelen for musea i Sogn og Fjordane og Sunnfjord Museum sine utfordringane. Det siste gjeld særleg administrasjonstilhøve og formidlingslokale gjennom vidareføring av «Nye Kløften».*
- b. *Det må utarbeidast ein intensjonsavtale mellom kommunane om løysing av magasindelen og utfordringane ved Sunnfjord Museum. Førde kommune tar initiativ til dette i høve dei andre kommunane.*
- c. *Ein må likevel først sikre felles magasin ved Ramstad. Deretter arbeide mot ei løysing for Sunnfjord Museum.*

MUESEA I SGN OG FJORDANE

- d. Vi må få ei konkret vurdering av Ramstad Eskefabrikk med omsyn til kor eigna lokala er, eigarskap, organisering, osb. Dette må gjerast i samarbeid med MiSF.
- e. Skal kommunane delta med tilskot (lån) til investering, så må kommunane også vere eigarar i bygget.
- f. Vi må få ei avklaring om vegen vidare i samband med økonomiplanarbeidet (1 mai 2015).

22.januar 2015 sendte direktør Inge Bent Arnestad ein e-post til Jan Tore Rosenlund med følgjande dokumentasjon:

- Internt arbeidsdokument for Fellesmagasin til MiSF og nye lokaler til Sunnfjord Museum
- Kalkyler på oppgradering av Ramstad Eskefabrikk til magasin
- Kalkyler FDV-kostnader Ramstad Eskefabrikk
- Kalkyler FDV-kostnader «Kløften» utan magasin
- Splitting av «Kløften» som magasin og museumsbygg til Sunnfjord museum

Det er såleis ikkje rett som det er blitt sagt i media av fylkeskulturdirektøren at kjøpet av Ramstad Eskefabrikk først kom opp som ei alternativ magasinløysing våren 2016. Vi meiner at SFFK har vore godt orientert om og involvert i Ramstad-planane sidan 2014.

Om styret i MiSF si saksbehandling våren 2016

I styresak 07/16 vedtok styret 23.februar 2016 eit fire punkts vedtak om fellesmagasin og museumsbygg for Sunnfjord museum. Her står det:

1. Styret meiner det no er kritisk viktig å få framdrift i arbeidet med nytt fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane. Vi viser her til ABM-rapport som er nær 10 år gammal.
2. Ut frå praktiske og kostnadsmessige vurderingar, meiner styret at kjøp av Ramstad Eskefabrikk framstår som den beste og mest realistiske løysinga. Styret legg stor vekt på at denne løysinga er godt forankra fagleg i Musea i Sogn og Fjordane.
3. Vidare må det gjerast noko for å skaffe Sunnfjord Museum meir levelege vilkår. Dette kan best skje ved å realisere «Kløften» - men utan magasindel. Let ikkje dette seg realisere innan rimeleg tid, bør ein utvikle eit mindre kostnadskrevjande prosjekt.
4. Styreleiar og nestleiar blir bedd om – saman med direktør, å kontakte fylkeskommunen med sikte på ei snarleg politisk avklaring.

1.mars 2016 mottok Musea i Sogn og Fjordane eit brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune der dei blir bedne om å stadfeste om musea vel å gå vidare med ei løysing i Movika.

5.april 2016 møtte Musea i Sogn og Fjordane ved styreleiar, direktør og avdelingsdirektør ved Sunnfjord Museum Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune for å drøfte saka. Fylkeskommunen bad då Musea i Sogn og Fjordane om grunngjeving for vedtaket i sak 07/16 då det vart hevdat at det ikkje var i samsvar med fylkeskommunalt vedtak.

I styresak 16/2016 19.april 2016 gjorde styret i Musea i Sogn og Fjordane eit nytt vedtak i fem punkt:

1. MiSF viser til styrevedtak 23.02.2016 og vil slå fast at dette er den beste løysinga fagleg, for å løyse magasinbehovet i overskodeleg framtid. Vidare vil det krevje minst investeringar, og vil mest truleg ha dei lågaste driftskostnadene. For å få ei samanlikning ville det vere ein stor føremón om SFJ kunne gjere greie for FDV-kostnadane knytt til «Kløften»

MUSEA I SGN OG FJORDANE

2. *Vi peikar og på at «Kløften» som alternativ både for fellesmagasin og nye lokale for SUM vil utløyse behov for eit anna magasin for å hyse båtar og store gjenstandar. MiSF har peika på dette heilt sidan 2010.*
3. *Ei løysing kan difor vere at MiSF får aksept for å kjøpe Ramstad Eskefabrikk for 11,8 mill, som er om lag identisk med det eit nybygg vil koste. MiSF kan såleis ta dette i bruk til båtar/store gjenstandar*
4. *I mellomtida kan SFJ sette i verk arbeidet med å nedskalere "Kløften" til eit kostnadsnivå fylkeskommunen finn å kunne bere.*
5. *MISF vil til slutt peike på at vi ynskjer å kome fram til ei minneleg løysing, og vil oppstre lojalt i forhold til politiske vedtak.*

Responsen på dette vedtaket var at fylkeskommunen framleis ikkje var nøgde med svaret frå MiSF, og saka vart drøfta på nytt i eit møte 27.mai 2016 der dåverande styreleiar og administrerande direktør, samt fylkeskulturdirektøren deltok. Dette møtet bar preg av å vere eit «oppvaskmøte». I bakkant av møtet sendte fylkeskulturdirektøren ein e-post med eit innhald som kan oppfattast som ein instruks på kva vedtak styret i Musea i Sogn og Fjordane må vedta i sitt styremøte 14.juni 2016. Med unnatak av to avsluttande avsnitt er styret sitt vedtak i sak 26/2016 i samsvar med dette.

Om kravet til MiSF om å refundere prosjekteringskostnader for Kløften

I internrevisjonsrevisjonsrapporten som vart handsama av fylkestinget 17.april 2018 er det i punkt 4.4.1. peika på utfordringar knytt til armlengdprinsippet knytt til Kløften-prosjektet.

Når vi både veit at historikken til Kløften-prosjektet har vore svært krevjande og samansett, og at Kulturdepartementet har avslått søknaden to gonger – før MiSF meldte frå om at dei ikkje ønskjer å gå vidare med ny søknad – meiner MiSF såleis at det svært spesielt at SFFK vurderer å sende rekninga for prosjekteringen av Kløften til MiSF. Vi kan ikkje sjå at fylkeskommunen har juridisk dekke for eit slik krav.

For ordens skuld vil vi orientere om at vi har konsultert Kulturdepartementet om saka. Departementet har svart at dette ikkje er ein praksis dei ville ha nytta i prosjekt dei var direkte involvert i.

Sandane, 5.april 2019

Kjartan Aa Berge

Thomas Walle

Administrerande direktør

Museumsfagleg seniorrådgjevar